

Heit hiphop i Helgheim.

02.08.2013



Yngste hiphop-gruppa i aksjon.

I overkant av 20 deltakarar har i dag øvd hiphop-dans i Helgheim. 15 i alderen 8 -11 år dansa på første gruppa medan det var 7 deltakarar i aldersgruppa 13-15 år. Kvar gruppe hadde ei totimarsøkt. La det vera sagt med ein gang; - det var imponerende kva dei unge klarte å lære på berre 2 timar!!



Dyktige instruktører, Hilde Schjelderup(t.v.) og Agnes Eriksen.

Instruktørane var henta utanfrå. Agnes Eriksen er frå Stavanger og Hilde Schjelderup frå Trondheim. Bakgrunnen for at dei hamnar på Festidalen som instruktører er at Agnes kjenner folk i leiargruppa og var på Festidalen i fjor. Hilde er ho blitt kjent med gjennom studentmiljøet. Begge har brei aktivitetsbakgrunn, men ser ikkje på seg sjølv på som erfarne hiphop-instruktører. Det siste er svært overraskande for underteikna. Slik eg kan vurdere det verka dei fagleg dyktige i tillegg til at dei viste flotte pedagogiske evner!! Med deira instruksjon klarte ikkje ein gang rekordtemperaturane å øydelegge konsentrasjonen til elevane. Eg vart kort sagt imponert! Av deltakarane også!!



Hiphop-gjengen på rekkje og rad!

Eg fulgte mesteparten av økta med den yngste gruppa, og det var imponerende. Betre og betre etter som dei to timane skreid fram! Flotte bevegelser, rymisk og presist! For den eldste gruppa hadde eg dessverre berre tid til å sjå innleiinga. Med det grunnlaget dei viste der, må resultatet berre bli kjempebra.



Eldste hiphop-gruppe samla og klar til innsats.

Resultatet vert vist for publikum, under arrangementet Scenen er din i morgon, lørdag. Veret bestemmer om det vert ute ved Systrene Nilsen eller inne Helgheim. Publikum kan glede seg!



Eldste gruppa i full gang!

Av: Thor Inge Døssland.